



Ei lagsam plante med aggressiv spreiring. Bilete er frå elvekanten ved Dønhaughølen.

Parkslirekne er den nye plagsame planten i Uskedalen. Representant frå Fylkesmannen miljøvernnavdeling saman med Tore Eik frå Landbrukskontoret var på synfaring langs elva på Døsland for å sjå omfanget og koma med tilråding om korleis ein kan hindra spreiring. Parkslirekne er ein 4 årig staude, innført frå aust Asia som ein prydpilte på 1850 talet. Spreiinga er aggressiv.

Uskedalen.no har før skrive om Tromsøpalme (rett namn er Kjempebjørnkjeks). No er det Parkslirekne som er den mest plagsame planten med rask spreiring langs elvekanten, i stranda og på skrotamark. Planten med hole stengler kan bli 2 meter høg og med eit rotsystem som går 3 meter ned i jorda og heile 7 meter frå morplanta.

Parkslirekne er ein brysam plante i kystområda frå sør Noreg til Nordland. Planten vert rekna mellom verdas 100 verste innvaderte artar, er svartelista og har negativ verknad på det biologiske mangfaldet.

Fylkesmannen og Landbrukskontoret i Kvinnherad vil truleg tilrå at det vert søkt midlar frå Miljødirektoratet for å fjerna planten i Uskedalen. Det er eit omfattande arbeid. Planten kan gravast opp og brennast på plassen. Nedkapping er ein anna metode, men då må det gjerast kvar 4. veke i heile sesongen. Sprøyting har liten verknad. Spreiinga er størst ved flytting av jordmassar, hageavfall og ved kantslått langs vegen.

I Uskedalen finn du Parkslirekne på mange plassar, mellom anna på elvekanten ved Dønhaughølen og i strandkanten på Stølavikjo. Planten er ikkje farleg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal